



Møteinnkalling

Utenom ordinær møteplan holdes det møte i Fakultetsstyret ved Det medisinske fakultet

21.02.2024 - Sak sendt på sirkulasjon. Svarfrist fredag 23. februar kl. 12.00

Innkalling er sendt til:

Sveinung Hole, Thorkild Tylleskær, Eirik Dalheim, Jonas Hodneland Sundfjord, Khadra Yasien Ahmed, Bjørn Tore Gjertsen, Tora Hvidsten Nupen, Jutta Dierkes, Clara Gram Gjesdal

Saksliste og sakspapirer følger vedlagt.

Eventuelle forfall bes meldt snarest sekretariatet ved Gjert Bakkevold
tlf. 55586197, evt. per e-post til gjert.bakkevold@uib.no

Bergen, 20.02.2024

Sveinung Hole
Styreleder

Per Bakke
Dekan

Saksliste

Styresak	Saker til behandling	U.off.
	Godkjenning av saksliste - vurdering av habilitet	
S 12/24	Utlysning - instituttleiar (åremål) ved Klinisk institutt 2	



Arkivsaksnr.:
2024/2321

Dokumentdato:
20.02.2024

Styre:
Fakultetsstyret ved Det medisinske fakultet

Styresak:
12/24

Møtedato:
21.02.2024

Utlysning - instituttleiar (åremål) ved Klinisk institutt 2

Grunnlagsdokument i sak:

- a) Reglement for ansettelser i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger [Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger — Regelsamlingen documentation \(uib.no\)](#)
- b) Utlysingstekst

I fakultetsstyremøte 26.01.2022, sak 10/22, vart Pål Rasmus Njølstad tilsett som instituttleiar (professor) i åremålsstilling (100 %) ved Klinisk institutt 2. Åremålsperioden var frå 01.03.2022 til og med 28.02.2026. Njølstad har sagt opp stillinga som instituttleiar ved Klinisk institutt 2. Det medisinske fakultet ønskjer nå å lyse ut stillinga for ein fireårig åremålsperiode, med tilsetjing frå 01.05.2024 eller etter avtale. I følge pkt. 4.1.1 i «Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative ledestillinger» fastsett av universitetsstyret 28.05.2014 (sist endret 20.02.2020), er det fakultetsstyret som handsamar utlysing og tilsetjing av instituttleiar.

Forslag til vedtak:

1. Styret ved Det medisinske fakultet vedtar å lyse ut ei åremålsstilling som instituttleiar ved Klinisk institutt 2. Stillinga er ei 100 % stilling for ein periode på fire år frå 01.05.2024 eller etter avtale.
2. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i samsvar med gjeldande standard for utlysing.
3. Stillinga er bevillingsfinansiert.

Per Bakke
dekan

Synnøve Myhre
fakultetsdirektør

Vedlegg
1 Utlysingstekst
Vedlegg
1 Utlysingstekst

Universitetet i Bergen

Det medisinske fakultet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og om lag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

INSTITUTTLEIAR VED KLINISK INSTITUTT 2 – DET MEDISINSKE FAKULTET

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda – globalt, nasjonalt og lokalt – skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

INSTITUTTLEIAR VED KLINISK INSTITUTT 2 – DET MEDISINSKE FAKULTET

Ved [Det medisinske fakultet](#) er det ledig ei fagleg spanande og utfordrande åremålsstilling (4 år) som instituttleiar (professor) ved Klinisk institutt 2 frå 01.05.2024 eller etter avtale.

[Klinisk institutt 2](#) er eitt av fem institutt ved fakultetet. Den faglege porteføljen er brei, og spenner over mange av dei medisinske spesialitetane. Instituttet har om lag 380 tilsette, derav om lag 70 personar i vitskapelege hovudstillingar og 80 i bistillingar som professor eller førsteamanuensis. Samla budsjett ligg på omlag 220 millionar kroner, der ca. 120 mill. er ekstern finansiering. Instituttadministrasjonen gjev administrativ støtte til fagmiljø innan studieadministrasjon, økonomiforvaltning, prosjektstyring, forskingsadministrasjon og forskarutdanning.

Instituttet held til på universitetscampus ved Haukeland universitetssjukehus og har eit nært samarbeid med sjukehuset. Instituttet er delt inn i 21 forskingsgrupper og 17 undervisningsgrupper og har ansvar for å drive fire av fakultets kjernefasilitetar (genomikk, flowcytometri, metabolomikk og Forskningsenhet for helseundersøkelser) samt fakultetets ferdigheitssenter.

Instituttet driv medisinsk forskning, rettleiing og undervisning på høgt internasjonalt nivå. Instituttet har viktige oppgåver innan legeutdanning, mastergrads- og doktorgradsutdanning.

Dersom ekstern søkjar vert tilsett, vil ein inngå avtale om ordinær professorstilling etter gjennomførte åremålsperiodar.

Arbeidsstad er Klinisk institutt 2, Laboratoriebygget, Haukeland universitetssjukehus.

Om stillinga:

Instituttleiar har det overordna ansvaret for instituttets verksemd. Instituttleiar har personalansvar og innstillande mynde ved tilsetjingar.

Instituttleiar sit i fakultetet si leiargruppe og rapporterer til dekan.

Instituttleiar legg til rette for forskning, utdanning, formidling og innovasjon for dei tilsette.

Vidare har instituttleiar ansvar for å utvikle og følge opp mål for forskning, ph.d.-utdanning, utdanning og formidling, og sikre rasjonell drift og budsjettbalanse.

Instituttleiar har HMS-ansvar og for å utvikle eit godt arbeidsmiljø, skape trivsel og motivasjon og leggje til rette for fagleg utvikling for den enkelte og for fagmiljøa samla.

Instituttleiar skal sørge for oppfølging av fakultetets strategi og system for kvalitetssikring av instituttets verksemd.

Instituttleiar sine viktigaste oppgåver er å:

- leie og utvikle verksemda ved instituttet med vekt på høg kvalitet i tråd med strategien til fakultetet og Universitetet i Bergen
- representere og posisjonere institutt og fakultet, og bidra til internt og eksternt samarbeid
- bidra til å auke eksternt finansiering
- skape ein positiv organisasjonskultur og stimulere til eit produktivt og godt arbeidsmiljø
- leggje til rette for gode prosessar baserte på medverknad frå tilsette og studentar
- sørge for at internkontroll og økonomistyring fungerer i samsvar med fastsette reglar og rutinar
- arbeide for god kjønnsbalanse i stillingane ved instituttet

Vi søker ein instituttleiar som:

- har gode leiareigenskapar, og kan vise til resultat
- har erfaring/ røynsle frå forskings- og utdanningsleiing
- har kompetanse som professor i eitt av fagområda ved instituttet (eller nærstående fagfelt).
- har evne til å arbeide strategisk mot fastsette mål

I tillegg blir det lagt vekt på:

- ein motiverande og inkluderande leiarstil
- perspektiv på forskning og utdanning nasjonalt og internasjonalt

- gode kommunikasjonsevner og evne til å byggje nettverk og skape tillit internt og eksternt.
- gode kunnskapar i eit skandinavisk språk (norsk, svensk eller dansk) og engelsk
- utdanningsfagleg kompetanse er eit krav for stillinga som professor, sjå retningslinjer for oppretting av ei pedagogisk mappe på [Eining for læring](#)
- personlege eigenskapar vert vektlagt

Det vil bli lagt til rette for at den som får stillinga kan ha relevant bistilling utanfor Universitetet i Bergen. Det er eit ynskje at leiarskapet vert kombinert med eiga forskingsaktivitet. Universitetet i Bergen, og Det medisinske fakultet kan tilby eit konkurransedyktig fagmiljø og ein infrastruktur og utstyrspark, som er i internasjonal klasse. Vi legg til rette for instituttleiar sin forskingsaktivitet og leiarutvikling. Eit nært samarbeid med helseføretaka og primærhelsetenesta er av stor verdi for vår forskings- og undervisningsaktivitet.

Vi tilbyr:

- eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt
- faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- løn er for tida kr 1 050 000 – 1 150 000 (kode 1475). Løn er brutto pr. år for ei fulltidsstilling i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. For særleg kvalifisert søkjar kan høgre løn verte vurdert.
- god pensjonsordning i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Til instituttleiarstillinga er det og knytt midlar til ei stipendiat eller ei postdoktor stilling.

Søknaden skal innehalde:

- CV, vitnemål og attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- pedagogisk mappe, sjå utfyllande informasjon på [Eining for læring](#)
ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- **vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15)** i passende format (pdf) som vedlegg
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Det er særst viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Generell informasjon

Interesserte kan kontakte dekan Per Bakke, telefon +47 55 58 20 87/99204032, e-post per.bakke@uib.no eller fakultetsdirektør Synnøve Myhre, telefon +47 55 58 44 51/934 84 614, e-post: synnove.myhre@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane om moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn i tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.